



Referat styremøte 4/23 Sunnmøre friluftsråd 12. desember 2023

Tid: tysdag 12. desember 2023 kl. 17.30 - 20.00

Stad: Digernes, Ålesund i dei nye kontorlokala til friluftsrådet

Frammøte: 12 av 17 representantar møtte.

Kommune	Styremedlemmar
Fjord	Eva Hove (leiar)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Annika Brandal
Stranda	Bodil Lie (vara)
Sula	Nils Erik Bjørkavåg
Sykkylven	Trond Bonesmo
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda	Ola Einang
Ørsta	Karen Høydal
Ålesund	Janet Røelofs
Tilsettrepr.	Hilde Ellingsæter (vara)

Andre: Dagleg leiar Anne Berit S. Emblem

Forfall:

Linn Hansen Sævik (Herøy), Sindre Slettestøl (Sande), John Willy Klungre (Vanylven), Jarle Hauge Steffensen, Thea Elise Vestre Aasen (Ålesund), Christer L. Nes (ansattrepr).

Saksliste:

Saksnummer: Tittel:

Sak 21/23	Godkjenning innkalling, saksliste og referat sist styremøte
Sak 22/23	Faste orienteringspostar
Sak 23/23	Status økonomi oktober 2023
Sak 24/23	Status Friluftslivets ferdselsårer desember 2023
Sak 25/23	Statleg sikring av nye friluftsområde og fornying av forvaltningsplanar
Sak 26/23	Erfaringsrapport friluftsskular 2023
Sak 27/23	Meldingssak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal aktivitet 2023 og 2024
Sak 28/23	Markering av 50-årsjubileet for Sunnmøre friluftsråd i 2024
Sak 29/23	Meldingssak: Lokale lønnsforhandlingar for tilsette 2023 - resultat
Sak 30/23	Representantskapsmøte våren 2024 – tid, stad, val
Sak 31/23	Eventuelt: KS-hefte 2024 «Turområder <i>Universell utforming for aktive og sosiale liv</i> »

Sak 21/23: Godkjenning innkalling, saksliste og referat

Innkallinga vart sendt 21.11., og sakspapira vart sendt ut 09.12.23 Referat frå styremøtet i 1.11.23 er sendt ut i sakspapira.

Vedtak:

Referat frå styremøte 1.11.23 vert godkjent. Innkalling og saksliste vert godkjend med merknad: Styret ber om at sakspapira vert lagt inn i sjølve kalenderinnkallinga.

Sak til eventuelt: KS-hefte 2024 «Turområder. Universell utforming for aktive og sosiale liv»

Sak 22/23: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar og Hilde Ellingsæter orienterte om arbeid i friluftsrådet sidan sist styremøte:

- Marin forsøpling ryddeaksjonar
- Aktivitet haust/vinter: StikkUT Vinter, naturmøteplass, innvandrarprosjektet, kajakk i skulen
- Driftsarbeid - prosjekt i friluftsområda
- Innsendte søknader 1.12.23 og nye søknadsfristar januar 2024
- Generell status personalsituasjonen
- Besøk frå styreleiar og dagleg leiar i SF sentralt 10. januar 2024
- Sunnmøre friluftsråd lanserer ny internettside 13.12.23. Styret gjekk gjennom den nye sida.

Vedtak: *Styret tek orienteringane til vitande.*

Sak 23/23 Status økonomi november 2023

Kort om saka:

Statusrapport økonomi for jan-november2023, samanlikna med same periode i fjor. Hovudtrekk: Rekneskapen pr. 31.10.23 viser eit overskot på kr 1,76 mill hittil i år. Sum utbetalte tilskot og andre driftsinntekter hittil i 2023 er kr 14,6 mill, mot kr 13,2 mill i same periode i fjor. Lønnskostnadene hittil i år er kr 6,4 mill, ein auke på 11%. Det kan være avvik mellom inntektsføringa av tilskot og påløpte kostnader tilhøyrande prosjekta. Heilt reelt resultat er vanskeleg å berekne på dette tidspunktet i året, og rapporten er meir som en peikepinn på aktivitetsnivået.

Vedtak: *Styret tek statusoppdatering økonomi pr. 31.10.23 til orientering.*

Sak 24/23: Status Friluftslivets ferdselsårer desember 2023

Kort om saka:

Dagleg leiar presenterer kort status i prosjektet i Friluftslivets ferdselsårer møtet, jf. tidlegare styremøtesaker. Desse kommunane er med: Fjord, Giske, Sykkylven, Ulstein/Hareid, Volda, Ørsta, Ålesund. Sunnmøre manglar framleis: Sula, Vestnes, Herøy, Vanylven, Sande, Stranda. Miljødirektoratet har forlenga prosjektet ut 2024, og våre kommunar har fått innvilga forlenging. [Miljødirektoratet om forlenginga av prosjektet](#)

Vedtak: *Styret tek orienteringa til vitande.*

Sak 25/23: Statleg sikring av nye friluftsområde og oppdatering forvaltningsplanar

Kort om saka:

Kommunane går no inn i ny kommunestyreperiode og samfunnsplanar og arealplanar etc. vert rullerte. Det er viktig at kommunane sørger for at friluftsområde etc., vert innarbeidd i overordna kommunale planverk, her under statleg sikring av nye friluftsområde.

- Det er kommunane som sjølve skal sende søknad til Miljødirektoratet om statleg sikring av eit friluftsområde. Søknadsfristen er **15. januar 2024**. [Lenke til søknadsskjema](#)
- Etter at eit friluftsområde er blitt statleg sikra, skal kommunen **utarbeide eit forvaltningsplan for friluftsområde**. [Lenke til skjema for forvaltningsplan](#)
- Forvaltningsplanen skal oppdaterast kvart fjerde år. No har dei fleste forvaltningsplanane i kommunane på Sunnmøre gått ut, og må fornyast/reviderast for å vere gyldige.

Friluftsrådet er pådrivar, og gir råd og rettleiing om søknad og plan, og vil gjerne stå som medansvarleg for tiltak i planen saman med kommunen.

Vedtak:

Staben i friluftsrådet tek snarleg kontakt med kommunane for å gjere dei merksame på

- *Omtale av friluftsområde i overordna planverk/kommunale planprosessar*
- *Søknadsfrist 15. januar til Miljødirektoratet for statleg sikring av nye friluftsområde*
- *Behovet for å revidere utgåtte forvaltningsplanar i kommunen.*

Styremedlemmane tek også kontakt med eigen kommune for å fremme viktigheita av dette arbeidet.

Sak 26/23: Erfaringsrapport friluftsskular 2023 og friluftsskular 2024

Kort om saka:

Kostnad i prosjektet: Jamfør tidlegare styresak i 58/21 går friluftsskulane med eit underskot. Sunnmøre friluftsråd har betalte vegleiarar i friluftsskulane, som er ein av årsakene til høge prosjektkostnader. Vedtaket i 58/21 om retningsval for friluftsskulane var:

«Friluftsrådet gjennomfører friluftsskulane etter same mal som 2021 og aksepterer eit prosjekt underskot i overkant av 100 000 kr fordi det er eit tilbod som støttar FL si nasjonale satsing, og er eit viktig og lærerikt tilbod til born og ungdom i deltakarkommunane. Styret ber om ei evaluering etter to års drift.»

Tal dagar i 2024: Erfaringane frå 2023 er at vi kan redusere friluftsskulane til 4 dagar, men borna bør likevel få ein avsluttande overnattingstur som tidlegare år.

Stadar i 2024: Friluftsskulane i Volda, Skodje og på Stafsethneset har i regelen god påmelding og er fulle. Men friluftsskulen på Sula har berre vore halvfull. Vi har tidlegare gjennomført friluftsskular i Stranda og Ulstein. SF bør velgje ein stad som ikkje har tilsvarande leirtilbod frå andre aktørar. Kommunane Giske, Fjord, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven og Ørsta har ikkje fått tilbod om friluftsskule. Utifrå moglege geografiske område til gjennomføring, kan Hareid eller Ørsta kanskje vere mest aktuelle.

Vedtak:

Friluftsrådet gjennomfører 4 friluftsskular i 2024. Skulane går over fire dagar med ein avsluttande overnattingstur. Dette skal vere innan kostnadsramma som er i 2023. Vi tilbyr friluftsskular i områda Volda, Skodje, Stafsethneset og Hareid sommaren 2024. Styret ønsker ei ny vurdering av friluftsskulane etter sesongen 2024 der ein m.a. vurderer om stad for friluftsskulane bør rullere mellom fleire kommunar. Målet må vere at lokale krefter kan vidareføre friluftsskular der friluftsrådet ikkje lenger driv tilbodet.

Sak 27/23: Meldingssak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2023 og 2024**Kort om saka:**

Det er styremøte i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 13.12.23. Miljødirektoratet, fylkeskommunen og dei to friluftsråda sit i styret. Referat og årsrapport for skjærgårdstenesta 2023 vert ettersendt styret i friluftsrådet.

Vedtak:

Styret tek orienteringa om skjærgårdstenesta 2023 og 2024 til orientering. Årsmelding og arbeidsplan for skjærgårdstenesta vert framlagt i neste styremøte.

Sak 28/23: Markering av 50-årsjubileet for Sunnmøre friluftsråd i 2024**Kort om saka:**

Arbeidsgruppa for jubileet hadde planleggingsmøte 21.11.23 og orienterer om dette i styremøtet.

Vedtak:

Dato for jubileumsfeiring vert 17. august 2024. Stad vert Parken kulturhus foajeen og byparken utandørs. Staben oppmodar alle kommunane om å arrangere lokale utearrangement i løpet av året. Arbeidskomiteen tek med innspel i styremøtet i den vidare planlegginga.

29/23: Meldingssak: Lokale lønnsforhandlingar for tilsette i 2023 - resultat**Kort om saka:**

Det vert vis til sak 19/23. Dagleg leiar gjennomførte drøftingsmøte 5.12. og lønnsforhandlingar saman med styreleiar 8.12.23. AU-medlemmane godkjente resultatet etter møtet. Sunnmøre friluftsråd er medlem av Samfunnsbedriftene og følger Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i kommunal sektor. Alle 9 tilsette har fått ei lønnsauke på minimum 5,4% (tilsvarande sentralt oppgjer). Dette blei gitt som likt kronebeløp. Fem tilsette fekk lønnsauke ut over dette for å fortsetje utjamninga av lønnsforskjellar. Resultatet etter forhandlingane er 292.535 kr i auka lønnsutgifter.

Vedtak:

Styret tek saka om resultatet etter lønnsforhandlingane til orientering.

Sak 30/23: Representantskapsmøte 2024 – tid, stad, val

Kort om saka:

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal heldast innan utgangen av mars. Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 vekers skriftleg varsel. (samarbeidsavtalen § 5).

- Dato: Det er vanlegvis mange politiske møter dei to vekene før påske. Det vert difor foreslått å legge representantskapsmøtet veka etter påskeferien, onsdag 3. april 2024.
- Stad siste år: Haram (2018) Stranda (2019) Ørsta (2020) Volda (2021) Ulstein (2022) Sula (2023).
- Val: Styremedlemmar veljast for to år (mars til mars). I år er representantane for 11 kommunar på val som vist i tabellen under. Også representantskapsmedlemmar 2024-2028 skal veljast for ny fireårig kommunestyreperiode (det gjeld alle 15 medlemskommunane).

Kommune	Valperiode	Styremedlemmar	Vararepresentantar
Fjord	2022-2024	Eva Hove	Andreas Håvoll
Hareid	2022-2024	Annika Brandal	Bernhard Harkjerr
Giske	2022-2024	Jan Ove Skodje	Louise Kristin Haahjem
Sande	2022-2024	Sindre Slettestøl	Anders Bringsvør
Sykkylven	2022-2024	Trond Bonesmo	Eva Eline Tandstad
Ulstein	2022-2024	Berit Sandvik Skeide	Magnar Taklo
Vanylven	2022-2024	John Willy Klungre	Lilli Ann Bakkebø
Volda	2022-2024	Ola Einang	Annlaug Stokke
Ørsta	2022-2024	Karen Høydal	Stein Aam
Ålesund*	2023-2024	Jarle Hauge Steffensen Janet Roelofs Thea Elise Vestre Aasen	Anders Lindbeck Nora Morken Farstad Ewa Hildre
Haram*		Ny kommune 2024	

* Grunna kommunedelinga Ålesund/Haram: Ålesund går ned til to representantar og Haram skal velje ein representant.

Vedtak:

*Dato og lokalsjon for representantskapet 2024 vert: **3. april 2024 i Vestnes kommune.***

Dagleg leiar sørger for at alle kommunane veljer representantskapsmedlemmar 2024-2028 i tilstrekkeleg tid, vidare at kommunane med styremedlemmar på val (Fjord, Hareid, Giske, Sande, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørsta, Ålesund og Haram) veljer styremedlemmar for 2024-2026 i tilstrekkeleg tid før representantskapet.

Det vert innkalla til styremøte seinast fire veker før for behandling av saker som skal ligge ved innkallinga til rep.skapet.

Sak 31/23: KS-hefte 2024 «Turområder. Universell utforming for aktive og sosiale liv»

Kort om saka:

[Kommunenes sentralforbund \(KS\) har nyleg gitt ut ei rekke hefte om universell utforming](#) av nærområde med eksempel frå fleire kommunar, dei to siste hefta er turområde. Friluftsrådet bør gjere denne kjent i medlemskommunane etc.

Vedtak:

Staben vidaresender KS-heftet «Turområder. Universell utforming for aktive og sosiale liv» til styret og medlemskommunane.